



Tysvær kommune  
Postboks 94  
5575 Aksdal

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsvagen 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Varsling av tilsyn med Tysvær kommune som miljøstyretemakt på området forsøpling

Miljødirektoratet har bestemt at det skal førast eit landsomfattande tilsyn av kommunen som forvaltar av miljølovgjeving på område forsøpling. Tema for tilsynet vil vera krav som blir stilt til kommunen som forvaltar av forureiningsregelverket. I Rogaland skal tilsynet gjerast i Tysvær, Sola og Time kommunar. Resultata skal samanstillast i ein nasjonal rapport.

Vi viser til telefonsamtale den 11.07.2017 om mogelege møtedatoar for kommunetilsyn.

### Bakgrunn

Fylkesmannen vil undersøkje om dei krava som blir stilt til kommunen som forvaltar av forureiningsregelverket, jf. forureiningslova § 48a om tilsyn med kommunane og kommunelova kapittel 10a om statleg tilsyn med kommunane.

Forsøpling er skjemmande og kan føre til skader på dyr, planter og menneske. Kommunen har ei sentral rolle i å førebygge og å fylgje opp forsøplingssaker. I 2008 hadde den gong SFT og DN ei felles kommuneundersøking på forsøpling og ulovlege stengsler i strandsona. Denne viste store manglar i kommunane si oppfølging av regelverket på forsøplingsområde. Opprettig av nettstaden [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) er eit resultat av denne undersøkinga.

Fylkesmannen skal saman med kommunen avklare om kommunen si verksemd vert planlagt, organisert, utført og vedlikehalde i samsvar med krava i regelverket.

Resultat frå kommuneundersøkinga i 2017 vil kunne avdekke om det er endring i kommunane sin myndigheitsutøving sidan undersøkinga i 2008.

### Tema for tilsynet

- Organisering og ansvar
- Kommunen sin bruk av myndighet som synfaring, pålegg om opprydding og tvangsmulkt
- Renovasjonsordning – og renovasjonsløysingar for fritidsbustadar
- Festivalar / stemner og utsalsstader
- Open brenning og brenning av avfall i småovnar

## **Plan for gjennomføring av tilsynet**

Vi har sett opp følgjande plan for gjennomføring av tilsynet:

Tysdag 26.09.2017 kl. 09:00 – 09:15	Innleiande møte
Tysdag 26.09.2017 kl. 09:30 – 14:00	Intervju / evt. verifikasjon
Tysdag 26.09.2017 kl. 14:30 – 15:00	Sluttmøte

Fylkesmannen ber om at rådmann, etatssjef og eventuelt andre personar i organisasjonen med instruksjons- og/ eller mynde til å ta avgjerder, er til stades i det innleiande møte og sluttmøte. På bakgrunn av tilsendt organisasjonsplan og opplysningar i det innleiande møte, vil det bli klart om det er andre personar som Fylkesmannen ynskjer å intervju under tilsynet.

Tilsynet vil bli gjennomført ved at Fylkesmannen intervjuar enkelte personar i ansvarskjeda frå etatssjef, områdeleiar og saksbehandlar etc. Kvart intervju vil vare ca. 30 minutt etter ein på førehand oppsett plan. Nærare orientering om metode og gjennomføring vil bli gitt i innleiande møte.

---

### **Dokumentasjon**

I samband med tilsynet ber Fylkesmannen om å få tilsendt følgjande dokumentasjon:

- Organisasjonskart og/eller anna som syner funksjonar, ansvar og oppgåver i det kommunale miljøvernarbeidet.
- Siste årsrapport frå kommunen.
- Delegasjonsreglement eller anna dokumentasjon som syner delegert myndighet i kommunen.
- Relevante planar.
- Eksempel på tidlegare saker innan forsøpling, inkludert oppfølging.

Dersom kommunen meiner det er anna materiale som er relevant for undersøkinga, ber Fylkesmannen om å få tilsend dette. Vi ber om at dokumentasjonen blir send oss innan **01.09.2017** og helst på e-post.

Tilsynet vil bli utført av Margareta Skog og Mariann Størksen. Sistnemnde er kontaktperson hos Fylkesmannen

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Mariann Størksen  
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Mariann Størksen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 06  
E-post: fmrosto@fylkesmannen.no